

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Vedrørende kommunal medfinansiering av bygningsvernkonsulentstilling ved Museumssenteret i Hordaland

Ordninga med bygningsvernkonsulentar ved musea i tidlegare Hordaland fylke vart oppretta på 1990-talet. Denne ordninga har utvikla seg over tid og har dei siste åra fungert som ei ordning med museums- og bygningsvernkonsulentar tilsett ved musea.

I dag er det tilsett bygningsvernkonsulentar ved Bymuseet i Bergen, Hardanger og Voss museum, Sunnhordaland Museum og Museumssenteret i Hordaland (MuHo). Stillingane er finansierte gjennom eit spleiselag der fylkeskommunen og kommunane bidreg.

Hovudføremålet med tenesta er å sikre bygningsvernet og styrke dei lokale kompetansemiljøa. Bygningsvernkonsulentane gjev faglege råd, skaffar til veie faktagrunnlag og gjer dokumentasjonsarbeid for kommunane. For privatpersonar og frivillige lag og organisasjonar hjelper bygningsvernkonsulentane med rettleiing for å søkje midlar (m.a. frå Kulturminnefondet) til istandsetting av bygg. Bygningsvernkonsulentane arrangerer også samlingar og kurs, til dømes i handverksteknikkar og materialkunnskap. Fagkompetansen til bygningsvernkonsulentane er særleg verdifull å ha tilgang til i dei tilfella der kommunane sjølve ikkje har slik kompetanse.

For at MuHo skal kunne oppretthalde tilbodet med bygningsvernkonsulentordninga er dei avhengige av medfinansiering frå kommunane. Vestland fylkeskommune oppmodar difor Alver kommune om å bidra i det økonomiske spleiselaget slik at ein sikrar at ordninga kan halde fram. Til orientering var det samla bidraget frå Meland, Lindås og Radøy i 2019 kr. 200.000,-.

Vi ser at det etter kommunesamanslåinga vil vere behov for at Alver kommune reforhandlar avtalen med MuHo, slik at ein sikrar føreseielege rammer for innretting, bruk og finansiering av tenesta i åra som kjem. MuHo vil invitere til møte for å diskutere korleis tenesta kan leggjast til rette på best mogeleg måte i høve planar og behov i kommunen. Vestland fylkeskommune vil halde fram med delfinansiering av bygningskonsulentstillinga ved MuHo i tråd med etablert praksis i tidlegare Hordaland fylkeskommune.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektørDavid Aasen Sandved
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:
STIFTINGA MUSEUMSSENTERET I
HORDALAND

Salhusvegen 201